

Årsmelding for Hovdebygda og Ørsta Skyttarlag 2005.

Styret har hatt følgjande samansetning:

Formann: Jon Tore Sætre
Nestformann: Olav Johan Lystad
Styremedlem: Wictor Kolås
Styremedlem: Claude Compagnon
Styremedlem: Andrea F. Tennås
Frå Ungdomsgruppa: Asbjørn Foldal

Kasserar (utanom styret): Anne Åse Røv

Vara: Bodil Lystad
Vara: Arnstein Ose

ÅRETS BRAGD.

55 blinkar ga Foldal-seier.

Eirik Foldal frå Hovdebygda og Ørsta skyttarlag er landets beste skyttar i klasse eldre rekrutt. Og seieren sikra han seg etter ein utruleg serie. 55 skot måtte til. Foldal traff 10-aren på alle.



Hovdebygda og Ørsta Skyttarlag

6150 ØRSTA

Konto: 6562.05.10119

E-Post: hovdebygda-orsta@skyting.net



Sparebanken Volda Ørsta

Styremøter.

I det inneverande året har vi ikkje hatt så mange styremøter, noko av grunnen til det er at Sollidals-styret har tatt hand om alt som har skjedd i Sollidalen gjennom sommaren. Sjå for øvrig eiga årsmelding frå Sollidals-styret. Dette har ikkje ført til noko mindre arbeid for dei som sit i styret, men møteaktiviteten har vorte mindre enn åra før. Styret i laget har hatt 3 styremøter i år. Dei store sakene innad i laget i år er nye drakter, nye lagsvåpen og heise-styring av elektronikk-skivene på miniatyrbana. Elles so har styret fungert veldig greitt i lag.

Representasjon.

- Sverre Lundestad, Reidar Øye og Bodil Lystad representerte laget på ombodsmøtet i Volda søndag 5. desember 2004.
- Olav Johan Lystad representerte laget på styremøte i indre krins dette året.
- Wictor Kolås er kasserar i Mørekretnen.
- Olav Johan Lystad er formann i Søre Sunnmøre Skyttarsamlag, han er og vara i ungdomsutvalget i DFS sentralt.
- Asbjørn Foldal og Anita Lystad sitt i ungdomsutvalget for Søre Sunnmøre Skyttarsamlag.
- Trond Petter Lystad sit i uttaksnemda for Søre Sunnmøre Skyttarsamlag.

Stemnearrangement.

Miniatyr.

Julecupen vart arrangert med 24 deltakarar og Jan Vidar vart julenisse med 775 tett følgt av Anita med 773. Vi må nemne at grunnen til at Jan Vidar drog heim denne sigeren var dei fantastiske 291 poenga på 30 skot ståande, der han og hadde ein serie med 5 sentrums-tiarar STÅANDE.

Den 10. januar arrangerte vi miniatyr-stemne med 79 deltakarar. Dette er 7 deltakarar mindre enn fjoråret, stemnet gjekk prikkfritt og alle var svært fornøgd med gjennomføringa av stemnet. Mange skyttarar frå vårt lag markerte seg sterkt på dette stemnet, av 11 deltakande klasser tok vi sigeren i 4 av klassene, Edvard Lie frå Sykkylven vart vinnar av stemnet med 242 poeng..

Lagsmesterskapet vart avvikla med 26 skyttarar og det var Jan Vidar Ulvestad som vann seniorklassa med 243 poeng.

Det har gjennom vinteren vorte skote 3 dagar i veka i kjellaren på kulturhuset. Der har vore arrangert skyteskule, pluss kurs for rekrutt og senior skyttarane. I det heile var det ein rimelig aktiv innesesong i år.

Feltstemner.

Laget har ikkje arrangert feltstemne i 2005. Men vi er satt opp til å arrangere samlagsstemne i felt neste år på Vartdal si bane. Laget har sett på fleire muligheiter for å skaffe seg felt-areal, men har ikkje lukkast med det. Sånn som det ser ut no er ei utviding i Sollidalen einaste alternativet for laget.

Skogsløp med skyting.

Laget arrangerte det fyrste samlagsstemnet i Søre Sunnmøres historie, om det var ein suksess eller ikkje kan diskuteras. Det var 21 deltakarar på dette stemnet, og den fyrste samlagsmeisteren nokon gong og kanskje for siste gong vart Roger Steinnes med tida 22.43. Der var ikkje mange deltakarar frå andre lag, og det var berre Hovdebygda og Ørsta, Volda og Dalane som stilte med deltakarar.

Banestemner.

Sollidalsstemnet vart gjennomført 14 og 16 mai i lag med Volda skyttarlag, og i Sollidalen møtte 157 skyttarar frå 36 lag. Fleire resultat frå dette stemnet finn du på www.skyting.net

Skytingens dag vart arrangert 5 juni i samarbeid med Volda. Det var 64 deltakarar som denne dagen fekk seg solskjerm i premie.

Samlags stemne vart arrangert 12 juni, stemnet var satt opp på Bjørkedalen, men på grunn av tekniske problemer der tok Hovdebygda og Ørsta over det arrangementet. Anita Lystad vart den fyrste kvinnelige samlagsmeisteren på Søre Sunnmøre med 242 poeng, eit heil hav av poeng før andremann Rune Hovde med 237 poeng. For øvrig hadde Hovdebygda og Ørsta 6 skyttarar blant dei 10 beste av totalt 24 skyttarar i klasse 2-5 i samlaget. Dette viser berre at vi har mange gode skyttarar når vi berre får stabla alle på beina og dratt dei inn på ein standplass. Tor Inge tok seieren i rekrutt-klassa, Jan Ove Steinnes vant eldre rekrutt og Reidar Øye var best i klassa V65.

Lagsmeisterskap vart arrangert 17 september med 13 deltakarar, Anita Lystad vant senior klassa med 237.

Deltaking på stemner utanom egne arrangement.

Også i år har det vore rekrutt-skyttarane som har representert laget mest utad på andre stemner, men det må seiast at antalet senior-skyttarar som har reist rundt i år har stege litt. Men der er mykje meir å gå på, noko som vi håper å rette på neste år. Det står stor respekt av dei resultatata som rekrutt-skyttarane våre har prestert i år, dei viktigaste resultatata får vi i årsmeldinga til ungdomsutvalet.

Samlinga til Søre Sunnmøre skyttarsamlag i år var arrangert på Lom, 9 skyttarar med familiar var med på denne turen. Dette var ei fin sosial samling og vi håpar at endå fleire tek turen neste år.

LS var eit hyggelig oppleving for oss som var der på mange måtar, vi treng vel ikkje utdjupe dette noko meir, resultatata talar for seg sjølv. Hovdebygda og Ørsta stilte med 12 skyttarar på LS.

Laget vårt har vore representert på 75 registrerte stemner, dette er ein nedgong på 7 stemner i høve til i fjor. For meir resultat frå dei forskjellige stemna, sjå på sida www.skyting.net.

Jeger-oppskyting.

Sjå årsmeldinga frå Sollidals-styret.

Økonomien.

I år har vi hatt ein del store kostnader som ikkje var teke med i budsjettet for 2005, vi nemner asfalt til Sollidalen og ein miniatyr Sauer som laget har betalt for. Vi har og fått inn kr 15000 frå Sparebanken for å kjøpe ein miniatyr Sauer til, dette er ikkje gjort endå. Elles så viser eg til reknskapet for 2005.

Årsmelding til samlaget.

Årsmeldinga til samlaget syner at vi har følgjande tal på klasse-skyttarar i laget:

Klasse	2004	2005
V73	0	2
V55	1	1
V65	5	3
5	2	2
4	5	6
3	6	6
2	6	4
1	200	179
J	3	2
ER	2	3
R	2	3
ASP	27	18
Total	259	229

Kommentarar frå formannen.

Fyrst ein kommentar på medlemstalet for 2005, som vi ser har antalet medlemmer gått ned med 30 det siste året. Ein grunn til det er litt mindre satsing på aspirantar, der vi har hatt ein nedgong på 7 frå i fjor. Neste punkt er amnestiet som politiet hadde i fjor, det skaffa oss mange medlemmer som ikkje er med i år, og til slutt så har nok aukinga av medlemskontingenten gjort sitt, men ikkje so gale som vi trudde det skulle bli. Vi er tilbake på omtrent det antalet som vi hadde i 2003 (237 medlemmer.)

Elles so har det vore eit aktivt år i laget. Vi har jobba bra og mykje er på gang, men det heng litt mykje på enkelte personar og eit av måla framover må være å få fleire til å ta eit tak når det trengst.

So mykje meir enn dette har eg ikkje på hjertet, skulle eg ha skrive om alt som er verdt å nemne dette året, so hadde vi ikkje vorte ferdige her i kveld. So med dette vil eg takke for meg som formann denne gongen, og takk til alle som har stått på for laget i året som har gått.

Ørsta, 14.11.2005

For styret i Hovdebygda og Ørsta Skyttarlag

Jon Tore Sætre
Formann